

Kommunal- og regionaldepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Deres ref.: 08/557

Vår ref.: 200801448-2/OHU/008

Dato: 28.4.2008

FORVALTNINGSREFORMA - HØYRINGSINNSPEL OM REGIONALE FORSKINGSFOND

Vi viser til brev 26.2.2008 med invitasjon til høyringsinnspel.

Universitetet i Tromsø avgrensar seg til å uttala seg om framlegget om oppretting av regionale forskingsfond.

Universitetet sluttar seg i all hovudsak til konklusjonane i Forskringsrådet si utgreiing. Særleg vil vi framheva dette:

- Norsk forskingsinnsats må ha tyngdepunktet i nasjonale satsingar.
- Forskinga skal vera på høgt internasjonalt nivå uavhengig av finansieringskjelde - forskning som aktivitet og resultat må følgja internasjonale kvalitetsstandardar.
- Regionale fond må bidra til å auka omfang og kvalitet i norsk forskning.
- For stort mangfald i finansieringsordningar kan i verste fall føra til at forskning som ikkje har god nok kvalitet til å hevda seg på nasjonale/internasjonale arenaer får finansiering regionalt.
- Omfanget av finansieringa må vera på eit nivå som sikrar langsiktig drift.
- Koordinering med dei andre nasjonale og regionale verkemidla i og mellom regionane er naudsynt.
- Handsaming av FoU-midlar krev særskild kompetanse og Forskringsrådet må ha ein særleg rolle i administrasjon av fonda.
- Samansetjinga av styra i fonda må ta omsyn til habilitet og sikra at kompetanse og dei sentrale FoU-aktørane vert representerte.

Gode grunnforskingssmiljø er ein viktig føresetnad for nyskapning. For å sikra nasjonal koordinering bør regionale forskingsfond primært fokusera på forskning som er relevant for regional innovasjon og utvikling.

I denne samanhengen viser vi til at det er fleire støtteverdige søknader til Forskringsrådet og EU sine rammeprogram m.fl. enn det er tilgjengelege midlar. Hovudproblemet er med andre ord mangel på pengar til å finansiera dei beste prosjekta. I tillegg til at det er behov for ei auke av offentlege midlar, er det ei utfordring å auka FoU-innsatsen frå næringslivet.

REKTOR

Forskrings- og studieavdelinga

Universitetet i Tromsø, No-9037 Tromsø, tlf 77 64 40 00, e-post postmottak@uit.no, <http://uit.no>
seniorrådgivar Olaug Husabø, tlf 77 64 52 77, faks 77 64 49 00, e-post olaug.husabo@adm.uit.no


Forskringsrådet tilrår i si utgreiing at dei regionale fonda ikkje skal følgja fylkesgrensene, men at det skal opprettast 5 – 7 fond som dekkjer fleire enn eitt fylke. Rådet tilrår i tillegg at det skal setjast i gang to pilotar for utprøving av regionale forskingsfond.

Sidan mykje tyder på at regionreforma endar opp med like mange fylke som tidligare, vil ei avgrensing til 5 – 7 fond best kunna skje ved at fonda – og eventuelle pilotprosjekt – vert lagde til område der nabofylka er samde om vilkåra for ei slik lokalisering. Eventuelle pilotprosjekt er også viktige fordi erfaringa tilseier at slike pilotar i neste omgang vert gjort permanente. Om ein derfor ikkje arbeidar ut frå semje mellom nabofylka, kan det også i samband med eventuelle pilotar lett oppstå regionale spenningar som er uheldige for fondets funksjon og anna regionalt samarbeid. Sjansane for at dette skal inntreffa, er truleg særleg stor i område der arbeidet med regionreforma har vist at fleirtalet av fylka avviser tanken om større regionar. Dersom fylka i ein påtenkt fondsregion ikkje vert samde om lokaliseringa, meiner UiT at kvart fylke i området må tildelast fond. For å sikra samarbeid, kan reglane for fonda utformast slik at dei krev samarbeid på tema og i situasjonar der det er nødvendig.

Fordelen med tilnærminga ovanfor er at det vert teke omsyn til fylka som demokratiske institusjonar og at nyordningane i form av forskingsfond og eventuelle pilotar ikkje berre vert avgjort utanfrå, og slik står i fare for å sementera motsetningar mellom fylka.

Vi er elles einig med Forskringsrådet (side 12) i at omgrepet *regional grunnforskning* er uheldig. Det bør unngåast.

Med helsing


Jarle Aarbakke
rektor


Lasse Lønnum
universitetsdirektør